



Elin har godt besøk på dette biletet som vart teke onsdag, men det var berre eit blaff, seier ho Det har heller ikke no i feriemånaden juli vore så mange kundar som i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Den 5. august legg Elin Enes ned verksemda si. Ho legg no ut heile kafeen til sals, og vonar på ein ny interessert leigetakar. Kanskje kan ein pizza-restaurant vera løysinga?

-Eg kjem til å legge ut heile kafeen til sal via ein kombinasjon mellom dagavis og nett. Eg kjem mellom anna til å frista med den samme, svært rimelege husleiga som Uskedalen Utvikling har operert med overfor meg, seier Elin Enes nokre dagar før Elins Konditori og Marknads plass takkar for seg. Det skjer 5. august.

UU har gjort det klårt at det viktigaste for alle er at gamleskulen blir brukt og difor er ikkje leigesummen så vesentleg. Huset var skule, barnehage og lokale for skulefritidsordninga før Elin rykka inn. Kva som skal skje med kjellaren er også eit uavklara spørsmål.

Med i "pakka" som Elin vil by fram fylgjer fullt kafeutstyr med til dømes omn, fryse- og kjølerom og oppvaskmaskin.

Ingen seriøse interessentar har meldt segt så langt.

Elin meiner at satsing på pizza/ pub kan vera ein brukande ide'.

Hennar erfaring med konditoriverksemd er ikkje dei beste.